

JOTUNHEIMEN



Rosenrot



Utsyn frå Galdhøpiggen

Jotnar på Noregs tak...

«Jøtunheimen» døypte Aasmund Olavsson Vinje fjella her i 1862, inspirert av det ville landskapet og norrøn mytologi. Jotnane – trolla – har heimen sin her. Jøtunheimen vart seinare til Jotunheimen, og det namnet brukar vi i dag på dette mektige området med dei høgaste fjella i Nord-Europa.

I Jotunheimen finst ei mengd brear, U-forma dalar som er gravne ut av breane og avsetningar frå breane si framrykking og tilbaketrekking i takt med endringar i klima. I nasjonalparken er det og eit mangfaldig plante- og dyreliv med rovdyr og rovfuglar.



På skitur i Hurrungane





NATUROPPLEVINGAR

Friluftsliv

Jotunheimen har sidan 1800-talet vore eit av dei mest populære områda i landet for fjellvandring. I dag er det om lag 300 km med T-merkte fotturruter i Jotunheimen og Utladalen, med høve til både korte og lange fotturar. Om vinteren er det kvista skiløyper fleire stader. Mange av fjelltoppane eignar seg som turmål, men ein god del fjelltoppar krev klatring for å nå til topps.

I utkanten og inne i nasjonalparken er det ei rekkje betente og ubetente turisthytter. Sjølv om ferdsla er stor til tider på året, kan ein enda oppleve fridomen, mystikken, roa og stilla i naturen som friluftslivet er tufta på. Høgsesongen for fotturar er siste halvdel av sommaren.

Hurrungane, lengst vest i nasjonalparken, er eit Mekka for fjellklatrarar. Her er både lettare og svært vanskelege



Den første turisthytta på Leirvassbu

T-merking

klatreruter. Turen opp på Store Skagastølstind er tung, lang og vanskeleg, og krev klatring med klatreutstyr og tau.

Hugs at å ferdast på bre kan vere farleg pga sprekker i breen. All ferdsel på bre må skje med bruk av tau og anna sikringsutstyr, samt kunnskap om korleis ein kan ferdast trygt på bre. Ein kan og leige seg ein fjellførar. Fleire selskap og turlag tilbyr organiserte turar i nasjonalparken, både enklare ski- og fotturar og meir krevjande alpine turar på bre og tindar. Dei betente turisthyttene og dei lokale turistkontora kan gje meir informasjon om tilbodet av slike turar.

Fleire vatn og vassdrag i Jotunheimen har godt aurefiske, særleg dei større sjøane. I mange av vatna og vassdraga vert det drive fiskekultivering. Jakt og fiske i nasjonalparken krev at ein har kjøpt jakt- og fiskekort.



LANDSKAP

Høge tindar og store sjøar

Jotunheimen er eit stort sett urørt fjellområde prega av majestetiske fjell og brear. Dei harde, seige bergartane her vart danna under stort trykk langt nede i jordskorpa og har seinare vorte pressa opp til overflata.

I Jotunheimen ligg dei høgaste fjella i Noreg. Galdhøpiggen når opp i 2469 moh, medan Glittertind, med si iskappe på toppen, berre er nokre meter lågare. Dei villaste og kvassaste tindane i Jotunheimen finn vi i Hurrungane, med Store Skagastølstind 2403 moh som "konge" og det tredje høgste fjellet i Noreg. Den største breen er Smørstabbreen som dekkjer om lag 15 km². Breane sine rørsler er av stor interesse for m.a. geologar og klimaforskarar.


Nasjonalparken har fleire store innsjøar, med Gjende som den største. Tilførsla av slamhaldig brevatn gjev Gjende ein smaragdgrøn farge på seinsommaren. Det djupblåe Bessvatn ligg like ved, 200 m høgare. Mellom dei to vatna går det ein merkt sti over den smale Besseggen – ein av dei mest vidgjetne attraksjonane i den norske fjellheimen. Det var her – eller langs eggen av Knutshø på den andre sida av Gjende – at Peer Gynt gjennomførte det vågale rittet ned «Gjendin-eggen» på ryggen av ein reinsbukk.




Øvre Leirungen



Utsikt frå Gjertvasstind



Formgiving og digital kartografi: Gåsvatn kart-tjenester, www.kart-tjenester.no Digitale kartdata: Statens kartverk N250. Tillatelse nr. MAD12002-R125240



TEIKNFORKLARING

- Fylkesgrense
- Nasjonalpark
- Landskapsvernområde
- Parkering
- Overnatting
- Servering
- Nasjonalparksenter
- Campingplass
- Betent turisthytte
- Sjølvbetent turisthytte
- Ubetent turisthytte



Issoleie

Mogop



PLANTELIV

Høgderekord for norske planter...

Jotunheimen held høgderekorden for mange av fjellplantene våre. Høgast av alle blomsterplantene går issoleia. På Glittertind kan du finne henne på ca. 2 370 m.o.h. – berre 100 m under toppen. Raudsildre og rosenrot går opp til ca. 2 300 m.o.h. Bjørkeskogen går ved Gjende opp i 1200 moh.

Berggrunnen i nasjonalparken er mange stader kalkrik, og dette er ein viktig grunn til det rike plantelivet i Jotunheimen. Her veks fleire kravfulle, kalkkrevjande planter, m.a. reinrose og mogop.

Somme av planteartane finst berre i spreidde fjellområde rundt den nordlege delen av Atlanterhavet, f.eks. fjellskrinneblom, lodnebergknapp og fjelltjæreblom. Dette har undra botanikarane. Desse artane kan ha overlevd den siste istida på isolerte, isfrie område ved kysten eller på fjelltoppar som stakk opp over isbreen. Det meste av nasjonalparken ligg over skoggrensa. Rundt Gjende står frodig fjellbjørkeskog, og i dei austlege delane av nasjonalparken går skoggrensa heilt opp i 1200 m o.h.



Fjellvåk



Kongeørn



DYRELIV

Fuglelivet skil seg ikkje mykje frå det som er vanleg i norske høgfjell. Om lag 75 hekkande fugleartar er registrert i nasjonalparken. Her finst viktige område for kongeørn, jaktfalk og fjellvåk. Rypa kan vere talrik enkelte år. Av småfuglane er snøsporv og steinskvett dei av fuglane som du kan vere så heldig å treffe i høgfjellet.

Dei fire store hjortedyra elg, hjort, rein og rådyr finst i Jotunheimenområdet. Noreg har eit internasjonalt ansvar for å sikre villreinen sine leveområde. Både mår og raudrev lever fast i nasjonalparken. Av dei store rovdyra kan jerv og gaupe påtreffast ein sjeldan gong.



HISTORIE

Gamal og ny bruk av fjellet

Jegerar og fiskarar har ferdast Jotunheimen i fleire tusen år. Ved Gjende og Russvatn er det spor etter buplassar frå 3 000 f.Kr. I dag minner dyregraver og fangstanlegg oss om ei tid då både villrein og elg var ein viktig del av næringsgrunnlaget for folk. Slike fangstanlegg finst fleire stader, m.a. i Veodalen og i Vest-Jotunheimen. Fangsten med dyregraver tok ikkje slutt før han vart forboden på 1800-talet. I dag rår villreinen grunnen i vest, medan tamreinen dominerer i andre delar av nasjonalparken.

Mellom dei varierte kulturminna i Jotunheimen finn vi og vardar frå gamle ferdsleårer og restar etter falkefangarbuer. Tidlegare var det seterdrift fleire stader, m.a. var Gjendebu opphavleg seter. Allereie i 1871 vart det bygd ei turisthytte her av DNT. Ved Memurubu var det setring fram til ca. 1990. Du kan framleis treffe på beitedyr i Jotunheimen.



Fangstgrav



Vetti gard i Utladalen

Utladalen landskapsvernområde

Utladalen landskapsvernområde vart oppretta samstundes med Jotunheimen nasjonalpark i 1980. Landskapsvernområdet grensar til nasjonalparken, og utgjer store delar av Vest-Jotunheimen. Landskapet er prega av hovuddalføret Utladalen med sitt tronge gjel med V-forma snitt og ei rekkje U-forma hengjedalar, som alle munnar ut i hovuddalen høgt opp i liene. Elva Utla har sitt utspring i breane i Jotunheimen. Nedover dalen tek Utla imot fossefall frå hengjedalane på vest- og austsida. Dei høgste tindane i landskapsvernområdet, Stølsnostind og Falketind, strekkjer seg opp mot 2100 moh.

Frå Vettismorki stupar Vettisfossen i 275 meter loddrett fall ned i Utladalen. I nedre del av Utladalen er det edellauvskog med høgt innslag av alm og hassel. Her er eit rikt kulturlandskap etter gard- og stølsdrift, som vart nedlagt på 1960- og 70-talet. Den urskogprega furuskogen på Vettismorki er særleg verdfull. Med korte avstandar mellom høgfjell og frodige dalar, har dyre- og planteliv stor spennvidde. I tilknyting til Utladalen kan ein finne alle dei fire hjortedyra; villrein, elg, hjort og rådyr. Fuglelivet er rikt frå kravfulle songarar som gulsongar, til blåstrupe, fleire spettartar, rype, og rovfuglar som kongeørn og fjellvåk.

Det er fleire turisthytter, betente og ubetente, i landskapsvernområdet, og det går eit nett av merkte stiar mellom hyttene. Folkevegen til Vetti er lettaste tilkomst inn i landskapsvernområdet. Stien vidare frå Vetti inn til foten av Vettisfossen er den mest populære fotturen i området, og om lag 30 000 gjer denne turen kvart år.



I ein nasjonalpark er du naturens gjest

- Gå der du vil, på beina eller på ski.
  Alt som har motor er i utgangspunktet forbode.
- Rast der du vil, nytt gjerne telt for overnatting.
  Rydd opp etter deg, og ta med bosset heim.
- Du kan gjerne tenne opp bål, men hugs det generelle forbodet mot bålbrenning i skogsmark mellom 15. april og 15. september.
  Vis omsyn når du sankar ved.
- Du kan plukke bær, sopp og vanlege plantar til eige bruk. Vis omsyn til kulturminne, vegetasjon og dyreliv. Ta ekstra omsyn i hekke- og yngletida.
- Jakt og fiske er tillate som elles.
  Hugs jakt-/fiskekort. Ikkje bruk levande fisk som agn. Du må heller ikkje ta med deg levande fisk frå eitt vassdrag til eit anna.
- Du kan ta med deg hund, men hugs bandtvang i perioden 1. april til 20. august.



Stølsmaradalen turisthytte

Kort om Jotunheimen nasjonalpark

Kvar:
Lom, Vågå og Vang kommunar i Oppland fylke,
Luster og Årdal kommunar i Sogn og Fjordane fylke.

Fremste særpreg:
Majestetiske fjell og brear. Høgaste fjella i Noreg.
Fleire store innsjøar. Rikt planteliv.

Friluftsliv:
Jotunheimen og Utladalen er populære område for fjellvandring. Nokre toppar krev klatring med klatreutstyr. Fleire merka ruter for fotturar og skiløyper. Jakt og fiske. Fleire betente og ubetente turisthytter.

Slik kjem du til Jotunheimen nasjonalpark:
Rv. 55 over Sognefjellet, fleire stopp og avkøyrsler mot nasjonalparken. Rv. 53 mellom Årdal og Tyin. Rv 252 frå Tyin til Eidsbugarden. Rv. 51 over Valdresflya, fleire stopp og avkjørslar mot nasjonalparken. Parkering på Bygdisheim og båt over Bygdin til Eidsbugarden. Parkering på Gjendesheim og båt over Gjende til Memurubu eller Gjendebu.

Informasjon om overnattings- og servicetilbod:
Sjå kartet. Lokale turistkontor i kvar kommune. Av større destinasjonar er www.visitlom.com og www.sognefjord.no

Kart: Turkart «Jotunheimen» (1:100 000)
Turkarta «Aust-» og «Vest-Jotunheimen» (1:50 000)

Oppretta: 1980

Areal: 1151 km²

Tilliggjande verneområde:
Utladalen landskapsvernområde

Nasjonalparksenter:
Norsk Fjellmuseum, 2686 Lom , tlf. 61 21 16 00
Utladalen Naturhus (avdeling under Norsk Fjellmuseum, sommarope med utstilling),
6884 Øvre Årdal, tlf. 57 66 15 70

Forvaltning og oppsyn:
Fylkesmannen i Oppland, Statens hus, 2626 Lillehammer, tlf. 61 26 60 00
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 6863 Leikanger, tlf. 57 65 50 00
Statens naturoppsyn, 2686 Lom, tlf. 61 21 16 99
Statens naturoppsyn, 2975 Vang, tlf. 61 36 71 71

Meir informasjon: www.norgesnasjonalparker.no

NORGES
NASJONALPARKER



Norges nasjonalparkar – natur som får vere seg sjølv

I nasjonalparkane er det naturen sine lover som gjeld. Det er naturen sjølv som er det viktigaste, og naturen skal få følgje sitt eige tempo. Vi opprettar store nasjonalparkar for å ta vare på store naturområde – frå hav til fjell. For naturen si eiga skuld, for oss og for komande generasjonar.

Nasjonalparkane byr på eit mangfald av opplevingar. Flott og variert natur, jakt, fiske, plantar, dyr og kulturminne.

Nytt høvet – gjer deg kjent med naturen og nasjonalparkane våre!

Direktoratet for
naturforvaltning
www.dirnat.no

TE1223
Guri Jernsæd AS. GROSET™
Foto: Tom Dybwad, Harald Kaldo, Fylkesmannen i Oppland, Lars Lafaldli, Per Jordhøy, © Espen Bratlie / Samfoto, © Tom Schandy / NN / Samfoto, © Stein Grønvold / NN / Samfoto
Foto forside: Fjellvandrare på Bessenggen